



DEN NORSKE KYRKJA

Lavik Sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Kyrkjekontoret 04.11.2020

Møtebok Lavik sokneråd

Møtedato: 22.10.2020

Møtetid: kl. 19:00

Møtested: Alværa Misjonscenter

Tilstades:

Katrin Borlaug Ringereide, Tonje Førde Systad, Toril Lange, Rolf Aamot, Torunn Styve, Monica Sunde Tjønnås, Geir Sørebø, Annbjørg Norevik Kristensen

Kopi av møteboka går til:

Wenche Liljedal, Maria Z. Espeseth, Hilde Iren Sørebø Bosdal, Terje Båtnes, Olav Hellebø, Bjarne Hellebø, Audun Engedal, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Nesse, Katarina Vattekar, Gerda Otterstein, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Innkalling og referat frå forrige møte vart godkjend.

Meldingssaker

008/2020 Sidan sist.

- **Informasjon frå siste møte i Høyanger kyrkjelege fellesråd. Vedr.budsjettforslag 2021:**
Vi merka oss særleg at kyrkjeverje skal sjå på overføringa frå HKF som skal tilsvare løn for kyrkjetenar og klokkar. Desse oppgåvene har vorte gjort på dugnad i mange år. Vi stilte spørsmål ved om summen vi får (kr 54 200) tilsvare løn for desse tenestene i dei andre kyrkjene – og om han har vorte oppjustert i takt med lønssitinga frå den gongen ordninga vart innført, noko som var ein del av avtalen. Kyrkjeverje vil saksutgreie dette før budsjettet vert godkjent.
- Konfirmasjonsgudsteneste og hausttakkefest vart gjennomførde på ein fin måte i tråd med smittevernréglane.
- Vi måtte avlyse ein T-dag pga coronasmitten i Hyllestad, men hadde ei fin samling seinare i oktober.
- Geir har vore på Lavik helsesenter; hadde andakt og snakka med bebuarar. Han opplevde at det var eit velkoment tiltak.

009/2020 Svar på spørsmåla til kyrkjeverje

Vi gjekk gjennom svara frå kyrkjeverje, og har følgande nye kommentarar/spørsmål:

Vedr. Lys ved kyrkja. Det vi fyrst og fremst ynskjer er at sjølv parkeringsplassen vert opplyst. Vi opplever at det kan vere fare for snubling og fallskader slik det er no. Når ein kjem ut frå kyrkja og går mot parkeringsplassen i mørket vert ein fyrst nesten blenda av ein svært sterk lyskastar nedanfor kyrkja – for så å kome ut på ein bekmørk plass med opphøgd «fortau/øy». Vegen opp til hovudvegen er ikkje så prekær, då dei aller fleste køyrer bil til og frå kyrkja. Kan dette takast fatt i så snart som mogeleg?

Vedr. problemet med trådlus mikrofon. Kva tid kan det verte gjort støymålingar for å avklare om forstyrringane skuldast radar frå ferjene? Vi meiner dette må gjerast før vi tek stilling til tilbodet på mikrofonar, og bed om at svarfristen på tilbodet vert utsett til etter støymåling. I utgangspunktet ynskjer vi å kjøpe det omtalte utstyret.

Vedr. benk utanfor kyrkja. Iflg kyrkjetenar er det 3 benkar som treng same oppussing og reparasjon; to på kyrkjegarden og ein på parkeringsplassen.

Vedtaksaker

018/2020 Gudstenesteplan for vinter/vår 2021. Gjennomgang av utkast til plan.

Vi viser til nemnde utfordring med gudstenestetidspunkt. Lavik sokneråd har eit sterkt ynskje om å ha gudsteneste kl. 11.00 på 1. Påskedag 2021. Dersom kantor skal spele annan stad på same tid på 1. påskedag, ynskjer vi å bruke Katrin Borlaug som vikar for kantor, for at dette skal la seg gjennomføre. Viser elles til sak 018/17 i referat frå HKF 05.10.2017 angående kantorressurs.

Vedtak: Lavik kyrkjelyd ynskjer gudsteneste 1.påskedag kl.11. Geir Sørebo vil medverke som prest, og Katrin B. Ringereide seier ja til å vikariere som vikar for kantor.

019/2020 Årsfest /årsmøte/kyrkjelydsfest - planlegging

Vedtak: Årsfest/Årsmøte/Kyrkjelydssamling vert på Alværa onsdag 3.mars 2021 kl 17

020/2020 Planlegging av samling for menneske midt i livet. Oppgåvefordeling vert lagt på Lavik sokneråd si fecebook-side.

Vedtak: Onsdag 11.november kl 19.00 vert det «Mat og prat» på Alværa. Vi tenkjer oss eit kveldsmåltid og ei innleiing v/Geir Sørebo samt invitasjon til samtale rundt nokre av dei ti boda.

Ymse.

021/2020 Stønad til leirkontigent. Vi har lenge hatt ein praksis der Lavik sokneråd refunderer 200 kr til kvart born som deltek på leir på Alværa. Det har vorte observert at nokon ikkje kunne reise på leir fordi dei ikkje hadde råd til det. Dette syns vi er beklageleg, og vil bidra til at økonomi ikkje skal vere til hinder for at alle som vil kan få reise på leir.

Vedtak: Det skal vere mogeleg å søke Lavik sokneråd om større stønad til leir, evt betaling av heile avgifta i tilfelle der dette er eit behov.

Kanskje kan vi få til ei samling for dei litt større borna før jul, fx Taco og juleverkstad?

Neste møte mandag 30.11.2020 (Eg føresær kl 19.00)

Lavik 22.10.2020

Torunn Styve, ref.